

Den Norske Turistforening



DNT Sogn og Fjordane



Indre Sunnfjord Turlag



Uttale til varsel om oppstart og planprogram for Jostedalsbreen gondol

DNT vart etablert i 1868 og er Noregs største friluftslivsorganisasjon med over 300 000 medlemmar. Organisasjonen består av 57 medlemsforeiningar med tilknytte lokallag som har ansvar for til saman meir enn 550 hytter, 22.000 km med T-merka stiar og 5000 km kvista løyper. DNT arbeider for å fremja eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv, og for å sikre friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

Vi viser til varsel om planoppstart og offentlig ettersyn av planprogram for Jostedalsbreen gondol

Føremålet med planarbeidet er etablering av gondolbane i Kjøsnesfjorden mellom Lundebotn og Tverrfjellet. Planområdet er på 580 daa, med eit tiltaksområde ved botnstasjonen, som inkluderar Statens vegvesen sin plan for mellom anna kjettingplassar og forbikøyringsfelt med tilhøyrande tryggingstiltak. DNT kjem ikkje til å kommentere på dette.

Utbygginga medfører irreversible inngrep og varige endringar i hittil relativt urørt natur, tett på eit breområde som er kjent og verna for sine intakte kvalitetar og moglegheit for naturopplevingar fritt for teknisk tilrettelegging. Noko som også er bakgrunn for nasjonalparkstatusen.

Inngrepet er lite foreinleg med forpliktingane under naturavtalen om at vi skal stogge og reversere tapet av natur. Eit slikt inngrep i urørt natur vil etter alt å døme bidra til at det vert vanskelegare å innfri våre internasjonale forpliktingar. Areal er ein avgrensa ressurs og nedbygging av inngrepsfri natur bør prioriterast til dei føremåla som har størst samfunnsnytte.

Toppstasjonen er planlagt like under toppen på Tverrfjellet nær INON-sone 2, og ei utbygging her vil føre til at ein mister meir av det urørte naturområdet. Plangrensa går parallelt med vernegrensa for Jostedalsbreen nasjonalpark og vil gjennom auka ferdsel og aktivitet kunne ha konsekvensar og ringverknader også innanfor nasjonalparken. Dei planlagde tiltaka i fjellet vil vere svært synlege i landskapet og medføre vesentleg karakterendring frå dagens urørte natur.

Ein gondol er eit omfattande byggverk med store naturinngrep, og er dermed i utgangspunktet ikkje i tråd med DNT sine verdier om å legge til rette for eit enkelt og naturvenleg friluftsliv. I DNT så meiner vi at omsyn til landskapet, den urørte naturen og det tradisjonelle friluftslivet må vektast tungt i denne og tilsvarende saker.


Etter vår vurdering vil utbygginga øydelegge dei kvalitetane området har i dag for det tradisjonelle friluftslivet, ved at moglegheita ein har til å oppleve samanhengande urørt natur vil forsvinne. DNT kan ikkje sjå at dette er i tråd med vernevilkåra for Jostedalsbreen Nasjonalpark. Utbygginga vil også medføre inngrep i områder med raudlista naturtypar.

På denne bakgrunnen frårår DNT sterkt at utbyggar og kommune går vidare med planforslaget for gondol og øvrige tiltak.

Ytterlegare grunngjeving, og innspel til utgreiingstema om saka går vidare, følger under.

Planavgrensing og INON-område:

Store, samanhengande naturområde har verdi i seg sjølv, i kraft av sin storleik og relative urørtheit. Bygging av gondolstasjon ved Tverrfjellet vil medføre ein ytterlegare reduksjon i INON-sona i randområdet til Jostedalsbreen.



Figur: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/Inngrepsfrie-naturomrader/>

Naturavtalen

FN sitt naturpanel har slått fast at vi står i ei naturkrise, der bit for bit nedbygging og oppstyking av natur og artars leveområde reknast som den største trugselen for naturmangfaldet. Å snu denne utviklinga vil krevje ei kursendring av samfunnet i måten vi nyttar areala våre på, både når det gjeld kor mykje vi bygger, kvar vi byggjer, og kva vi prioriterer å byggje. Dette reiser ein del spørsmål i høve forvaltning av naturverdiane våre, og kor langt vi skal gå i å kommersialisere naturen. Gjennom Naturavtalen Noreg gjekk inn for i desember 2022, har vi forplikta oss til å stanse og reversere tapet av natur i tida framover – og alle kommunar må bidra.

Arealrekneskap

I dag har dei fleste kommunar dårleg oversikt over kva natur ein har, og kor mykje natur som årleg byggast ned, samt kva konsekvensar dette har for naturmangfald og klima. Sunnfjord kommune bør derfor før vedtak av store utbyggingssaker som Jostedalsbreen gondol, føre **areal- og naturrekneskap**, og fastsette etterprøvbare mål for arealbruken slik at dei samla konsekvensane av utbygginga blir betre synleggjort. Dei konsekvensane arealendringane får for klimagassutslepp og karbonfangst må også bereknast og gjevast sterkt vekt i avvegingane som gjerast mot andre interesser i arealplanlegginga.

Naturmangfald

Planprogrammet viser til at planområdet vart synfart hausten 2022, og det vart registrert ei rekke raudlista karplantar knytt til raudlista naturtypar. Samtlege registrerte artar er knytt til snøleiene og lisidene som er truga av både klimaendringar, gjengroing og nedbygging (mellom anna av kraft- og turismeanlegg). DNT meiner derfor det er på sin plass å tilleggje desse naturverdiane høg vekt i vurderinga av samfunnsinteresser i samband med gondolutbygginga.

¹ Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1991-10-25-691?q=jostedalsbreen%20nasjonalpark>

- *å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap.*

Etter vår vurdering vil utbygginga øydelegge dei kvalitetane området har i dag for det tradisjonelle friluftslivet ved at moglegheita ein har til å oppleve samanhengande urørt natur vil forsvinne, og ved at den lokale friluftslivskulturen kan bli endra. DNT kan ikkje sjå at dette er i tråd med vernevilkåra for Jostedalsbreen Nasjonalpark

Vi merkar oss at planprogrammet legg opp til eit samarbeid/samordning med Nasjonalparkforvaltinga/besøksstrategien om utbygginga og utviklinga av gondolbana i randsona til nasjonalparken, men vi stillar oss tvilande til at dette i tilstrekkeleg grad kan bøte på dei ulempene nedbygginga og auka trafikk vil medføre for nasjonalparken.

Verneverdiar:

Nasjonalparkstatus

Plangrensa går som nemnt parallelt med vernegrensa for Jostedalsbreen Nasjonalpark. Plasseringa av toppstasjonen har utsyn over Kjøsnesfjorden og omkringliggjande fjell, men ein må innanfor vernegrensa for å få oversikt over breen. Utsikt over breen er likevel oppgjeve som ein viktig grunn for etablering av gondolen. I planprogrammet står det at *«ein skal legge til rette for eit breiare aktivitetstilbod på Tverrfjellet»*, men sidan området like ved Tverrfjellet er lite eigna til aktivitet og friluftsliv grunna bratt terreng, er det truleg at mykje av aktiviteten knytt til attraksjonen vil skje innanfor nasjonalparken. Dette meiner vi kan vere problematisk og eventuell tilrettelegging og aktivitet rundt toppstasjonen må derfor skildrast og utgreiast grundig for å avdekke konsekvensane for naturmiljøet, og verneverdiane i tilknytning til nasjonalparken. Her vil særleg vurdering etter naturmangfaldlova § 49 (*utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde*) vere sentral.

KULA

Heile planområdet kring den nordre delen av Jølstravatnet med Kjøsnesfjorden er av Riksantikvaren vurdert til å ha nasjonal interesse. Landskapet er foreslått innarbeidd i KULA-registeret.

Stien opp i Lundeskardet høyrer til dei eldste ferdselsvegane over breen og er soleis og av viktig kulturhistorisk verdi i tillegg til å vere særskild viktig for friluftsliv.

Regionale og nasjonale føringar

Vi forstår det slik at reiselivsstrategien til tidlegare Jølster kommune legg til grunn at Kjøsnesfjorden skal utviklast som eit fyrstårn innan reiselivet på Vestlandet, tufta på det særegne natur- og kulturgrunnlaget i området. Vi vil påpeike at det då kan synast som uheldig å bygge ned nettopp dette grunnlaget.

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 -2027, vert det vist til at FNs naturpanel har slege fast at dyr, plantar og økosystem blir utrydda i eit høgare tempo enn nokon gong. Og vidare, at naturmangfald, natur- og kulturmiljø går tapt som følge av blant anna arealinngrep, arealbruksendringar, forureining og klimaendringar. Bevaring og restaurering av naturen er derfor av nasjonal interesse.

Regjeringa framhevar at heilskapleg og langsiktig planlegging er nødvendig for å unngå negativ påverknad på naturmangfaldet og friluftslivsinteresser frå bit-for-bit nedbygging, og for å ivareta

kulturmiljøet². Ei konkret føring er at *viktig naturmangfald, jordbruksareal, vassmiljø, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturmiljø og landskap blir kartlagde og sikra i planlegginga. Samla verknader av eksisterande og planlagd arealbruk blir lagd vekt på.*

DNT si tilråding

Med bakgrunn i det ovanståande oppmodar DNT sterkt til at kommunen og utbygger ikkje går vidare med planforslaget. Vi meiner dei nasjonale føringane forpliktar kommunen til å vurdere andre alternativ for reiselivsutvikling som i mindre grad leiår til omdisponering av natur- og friluftslivsområder og kjem i konflikt med verneverdiane for nasjonalparken. Dersom ein går vidare med planarbeidet oppmodar vi om at utbygger og kommunen i fellesskap ser på alternativ som gjer at naturinngrepa kan reduserast, og at INON-grensa og friluftslivsverdiane i størst mogleg grad vert bevart.

Konkrete innspel til planprogrammet og utgreiingstema:

Friluftsliv

Å utgreie positive og negative konsekvensar for friluftslivet kan vere krevjande, då kva som gjer eit friluftslivsområde attraktivt kan vere subjektivt. Vi føreset imidlertid at ein nyttar metoden i miljødirektoratet sin rettleiar. Det må leggas til grunn at dei kvalitetane som har gitt det eksisterande friluftslivet høg verdi er at planområdet er del av eit inntakt og inngrepsfritt naturområde frå (Kjøsnes)fjord til fjell, kvar ein kan oppleve naturleg fjellandskap, fritt for støy og med få menneskelege forstyrningar, samt at området har ein nasjonalt viktig funksjon som buffer til verneområdet. Både direkte og indirekte verknader av ein auka trafikk av turistar/turgåarar må utgreiast.

Verneverdiar

Konsekvensane for verneverdiar og verneføremål for Jostedalsbreen Nasjonalpark, samt kultur- og friluftslivshistoriske verdiar må utgreiast grundig, jf. NML § 49.

Risiko og sårbarheit

DNT vil ta til orde for å vurdere uynskte hendingar/risiko for personulukker som følgje av auka trafikk av lite fjellvante turistar i eit eksponert fjellterreng. Her under må det vurderast sannsyn for at nokon går seg bort, blir skoraste, utløyser/blir tatt av skred, blir overraska av mørke, ikkje rekk siste bane ned, med meir. Og vidare kva det vil krevje av avbøtande tiltak og eventuelle redningsoppdrag. Risiko og naudsynte tiltak knytt til denne problemstillinga må handsamast i risiko- og sårbaranalysa.

Landskap

Saman med utgreiing og illustrasjonar av nær- og fjernverknader, bør det visast korleis dei bygde tiltaka vil bli synlege frå øvrige friluftslivsområde/fjellparti kring Kjøsnesfjorden – særleg i frå nasjonalparksida.

Tap av INON-området må vektleggast meir enn det er lagt opp til og konkretiserast som eit utgreiingstema i planprogrammet. Det må gjerast greie for kva utbygging av toppstasjonen får av konsekvensar for INON-område inn i nasjonalparken og kva som er gjort for å forhindre at INON-området vert redusert.

Arealrekneskap

Tap av **areal og natur som følgje av prosjektet bør utgreiast** slik at dei samla konsekvensane av utbygginga blir betre synleggjort. Dei konsekvensane arealendringane får for klimagassutslepp og

² s.25, 26, 29. <https://www.regjeringen.no/contentassets/d71a3e61e774485fb4a98cab9255e53f/nasjonale-forventningar-nn.pdf>

karbonfangst må også bereknast og gjevast sterkt vekt i avvegingane som gjerast mot andre interesser for prosjektet.

Naturmangfald

Det synast som at eit feltarbeid 6.sept 2022 skal ligge til grunn for det meste av utgreiingstema i konsekvensutgreiinga. Vi stillar oss undrande til korleis ein kunne forskotere alle kartleggingsbehov og samle inn nok data basert på ein dag i felt allereie før planprogrammet og utgreiingsbehova var avklart. Det bør vurderast ytterlegare kartleggingar/synfaringar i samband med KU.

Konklusjon

DNT meiner at etableringa av ein gondol med tilhøyrande utbygging og aktivitet ved Tverrfjellet vil bidra til ein tilgjengeleggjering og kommersialisering av Jostedalsbreen og nasjonalparken som ikkje er foreinleg med nasjonale og internasjonale mål om å bevare intakt og urørt natur (jf. ma. naturavtalen), og som heller ikkje er i tråd med verneføremålet for nasjonalparken og moglegheita til å drive tradisjonelt friluftsliv.

Vi vonar kommunen heller vil vurdere andre alternativ for reiselivsutvikling som i mindre grad leiår til nedbygging av natur- og friluftslivsområder.

Med helsing

Dag Terje Klarp Solvang
Generalsekretær
Den Norske Turistforening

Siren Skråmestø Juliussen
Rådgiver, naturforvaltning
Den Norske Turistforening

Styreleiar
Siv Merete Stadheim
DNT Sogn og Fjordane

Leiar
Ingebjørg Erikstad
Indre Sunnfjord Turlag

Kopi: Vestland Fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland